Våre kunder i offentlig sektor skal kjenne forutsigbarhet og involvering i direktoratets utviklingsplaner. Alle fellesløsningene har sin egen produktstrategi, med årlige utviklingsplaner som behandles i styringsrådene. For å sikre et godt samspill mellom de nasjonale fellesløsningene og de mange ulike fagløsningene i offentlig sektor, blir det svært viktig med tett dialog med de ulike virksomhetene (kundene) og markedsaktørene som leverer tjenester til det offentlige. Dette er et viktig arbeid som direktoratet vil prioritere sterkere i tiden som kommer.

Vi skal opprettholde stabil og trygg drift av fellesløsningene og gi brukere og kunder en enkel og trygg tilgang. For å sikre at vi dekker virksomhetenes behov og legger til rette for fremtidens digitalisering, vil teknologioppgradering og etablering av ny systemarkitektur på eID-området ha høy prioritet. God håndtering av hendelser skal sikre robust forvaltning av fellesløsningene og skape tillit hos bruker og kunde.

Gjennom Altinn 3-utbredelsesprosjektet vil Digdir jobbe for en rask og mest

mulig skånsom flytting av de om lag 1000 tjenestene fra Altinn II- til Altinn 3-plattformen.

Digdir vil fortsatt sørge for å øke bruken av fellesløsningene. Mellom annet er direktoratet nå i gang med å rulle ut elnnsyn i kommunal sektor, og Trøndelag fylkeskommune var først ut og kom på i november 2020. Vi samarbeider med kommunesektoren (KS) og jobber i fellesskap for at digitale løsninger henger best mulig sammen mellom de ulike sektorene.

Direktoratet vil videre ha fokus på å sikre grunnleggende finansiering av drift, forvaltning og videreutvikling av fellesløsningene, og vi skal bidra til at finansieringsmodellen til enhver tid samsvarer med gjeldende føringer.

Leverte tjenester på rekordtid

Behovet for digitale løsninger eksploderte i mars 2020. De neste månedene viste hvor viktige de nasjonale fellesløsningene er for digitaliseringen i Norge – og for å håndtere det uforutsette.

Covid-19 var sterkt medvirkende årsak til at ID-porten i mars opplevde det høyeste antallet innlogginger noensinne: 28 millioner. Pandemien førte også til at mange utenlandske arbeidstakere i Norge befant seg i hjemlandet sitt og hadde problemer med å søke om dagpenger fra NAV.

MinID Passport ble lansert 4. juni, og over 8 000 brukere fra mer enn 50 ulike land har tatt løsningen i bruk. Løsningen gjorde det mulig å søke om dagpenger for EØS-borgere som var koronapermittert fra jobb i Norge, slik at de slapp å møte opp, for eksempel på en utenriksstasjon, for å få godkjent ID.

Da Norge satte verdensrekord i å tilby en digital kompensasjonssøknad for næringslivet på tre uker, var både ID-porten, Kontakt- og

reservasjonsregisteret og Altinn nødvendige komponenter for å lykkes.

Altinn ble brukt for raskt å få opp skjema og tjenester. Flere av tjenestene ble satt i produksjon få timer etter bestilling. For eksempel ble spesifikasjonene på et digitalt skjema fra Helsedirektoratet for registrering av beholdningen av munnbind og annet beskyttelsesutstyr levert på ettermiddagen lørdag 21. mars - og satt i produksjon kl. 20:07 samme kveld.

I alt ble Digdir sine fellesløsninger benyttet til å lage 17 koronarelaterte tjenester i 2020:

Hva?	Hvem?	Når?
Opplysninger til krisetiltaksplaner	Kreditilsynet	10. mars 2020
Registrering av Koronasmitte (gikk aldri på lufta)	Helsedirektoratet	15. mars 2020
Tilleggsrapportering	Kreditilsynet	16. mars 2020
Registrering av beskyttelsesutstyr	Helsedirektoratet	21. mars 2020
Rapportering av behov for smittevernutstyr	Helsedirektoratet	23. mars 2020
Påminnelse om å sende inn Inntektsmelding	NAV	24. mars 2020
Rapportering av behandlingskapasitet	Helsedirektoratet	30. mars 2020
Valg av hyppigere refusjonsutbetaling fra NAV	NAV	1. april 2020
Søknad om brukertilgang til NasjonaltHelsepersonell.no	Helsedirektoratet	1. april 2020
Kompensasjonsordning for bedrifter rammet av koronapandemien	Skatteetaten	18. april 2020
Covid-19 klage	Skatteetaten	16. april 2020
Refusjon permittering arbeidsgiver	NAV	12. mai 2020
MinID Passport	Digitaliseringsdirektoratet	4. juni 2020
Kompensasjonsordningen for arrangører og underleverandører i kultursektoren	Kulturrådet	20. juli 2020
Søknad om lønnstilskudd for å ta permitterte tilbake i jobb	Skatteetaten	29. september 2020
Stimuleringsordningen – Covid-19	Kulturrådet	23. oktober 2020
Kompensasjonsordning 2	Brønnøysundregistrene	18. januar 2021, men skjema ble laget i 2020

Auka merksemd om universell utforming

Universell utforming av ikt inneber at brukarane – uavhengig av sine føresetnader – på ein god og enkel måte skal kunne ta i bruk både nettsider og automatar som dei brukar i kvardagen. Å føre tilsyn med universell utforming av ikt er ei av dei fire rollene til Digdir. Vi følger opp at nettsider, appar og sjølvbetjeningsautomatar i offentleg og privat sektor er utforma i samsvar med regelverket. I 2020 vart behovet for gode, digitale sjølvbetjeningsløysingar ekstra tydeleg, og vi opplevde auka etterspurnad for informasjon og kurs om universell utforming.

MÅL

1 Fremje etterleving av regelverket for uu av ikt gjennom:

- Effektive tilsyn på samfunnsområde med høg risiko
- Saksbehandling innan fastsette fristar
- Rettleiing om regelverket og fagområdet

RESULTATER

- Tre tilsyn avdekkja særleg mange feil knytta til skjema
- Vi lanserte nye nettsider og uka besøkstala med 25 prosent
- Bruken av e-læringsmodulane auka med 47 prosent
- Vi er godt i gang med å digitalisere tilsynet




2 Nasjonalt og internasjonalt fagorgan for uu av ikt - gjennom

- Formidling av kunnskap gjennom - kartleggingar, analysar statistikk og data
- Bidrag til utvikling av standardar og regelverk, nasjonalt og internasjonalt


- Vi starta prosjekt for å formidle fleire analysar og meir data
- Vi førebudde innføringa av EU-krav om synstolking og direktivet WAD



Resultat for samsvar med krav per tema for tilsyn i 2020



Nettstaden uu.difi.no/uu.tilsynet.no — talet på brukarar 2016-2020



Universell utforming

Behovet for digitale sjølvbeteningsløysingar har kome på dagsorden når covid-19 har gjort at viktige samfunnsområde tidvis har vore stengt ned. I tilsyn har vi teke omsyn til at mange verksemder står i ein krevjande situasjon. Men det er ei utfordring at 70 prosent av personar med nedsett funksjonsevne, som deltok i ei kartlegging i regi av tilsynet, rapporterte om problem med bruk av ikt. Tilsyn i 2020 avdekkja feil både på skattemeldinga og søknad om foreldrepengar hjå NAV, som gjer løysingane utfordrande å bruke for mellom anna personar som er avhengig av hjelpemiddelteknologi.

Digdir er gjennom forskrift om universell utforming av ikt lovpålagt å følge opp at nettsider, appar og sjølvbeteningsautomatar i offentleg og privat sektor er utforma i samsvar med regelverket. Oppgåva er ein integrert del av direktoratet si samla verksemd. Samtidig stiller tilsynsfunksjonen særlege krav til uavhengigheit. Tilsynet sin visjon om eit samfunn utan digitale barrierar, følger av formålet med regelverket. Visjonen støttar regjeringa sitt mål om ein ikt-politikk for verdiskaping og deltaking for alle.

Mål

Hovudmålet for fagområdet universell utforming er at IT-løysingar i privat og offentleg sektor skal vere universelt utforma. Vi har operasjonalisert hovudmålet i to undermål:

1. Fremje etterleving av regelverket for uu av ikt - gjennom:

- Effektive tilsyn på samfunnsområde med høg risiko
- Saksbehandling innan fastsette fristar
- Rettleiing om regelverket og fagområdet

2. Nasjonalt og internasjonalt fagorgan for uu av ikt - gjennom

- Formidling av kunnskap gjennom kartleggingar, analysar, statistikk og data
- Bidrag til utvikling av standardar og regelverk, nasjonalt og internasjonalt

Resultat

Fremje etterleving av regelverket for uu av ikt


Risikobasert tilsyn

I 2020 gjennomførte tilsynet tre tilsyn, mot Arbeids- og velferdsetaten (NAV),

Skatteetaten og Cubus. Det blei til saman utført 801 enkelttestar, der 46 prosent av testane var i samsvar med krava i forskrifta.

Flest testar blei retta mot skjema. Digitale skjema er avgjerande for sjølvbetening på nett. Krava til skjema er tenkt å ivareta eit breitt spekter av brukargrupper som blinde, svaksynte, fargeblinde, døvblinde, personar med nedsett motorikk og personar med nedsett kognisjon. I tilsyna blei det avdekkja særleg mange feil knytt til at skjemaelement ikkje har instruksjon eller ledetekst.

Resultat for samsvar med krav per tema for tilsyn i 2020



Del av testar i samsvar med krava i forskrifta

Oppfølging av tilsyn



Både Skatteetaten og Nav fekk avvik i sine tilsyn og vart pålagt retting. Dei er no i gang med å rette det som var feil.

Sidan 2015 har nesten alle tilsyna vi har gjennomført avdekket avvik. Berre to verksemdar har fått tilsynsrapport utan avvik. Då regelverket var nytt, fekk verksemdene påverke lengda på rettingsfristen, men tilsynet varsla tidleg at fram mot 2021 ville vi stramme inn praksis. No vil avvik i tilsynsrapporten automatisk gi pålegg om retting med 12 veker frist. Dei aller fleste verksemdar rettar feila innan fristen. To gonger har tilsynet gitt vedtak om bot.

Vi behandlar også søknader om dispensasjon frå regelverket, og klagar på vedtak. Saker om dispensasjon er aukande. Mykje skuldast at nettsider og mobilappar kjøpt før 1. juli 2014 frå årsskiftet 2020/2021 også skal etterkomme dei same krava som nye ikt-løysingar. Tilsynet har gitt heilt eller delvis dispensasjon i åtte av ni søknadar.

I 2020 har vi følgd opp tilsyna frå 2019 med store medianettstader som Aftenposten, Dagbladet og Nettavisen. Tilsyna har hatt stor prinsipiell betydning fordi digital inkludering er svært viktig for likeverdig deltaking i informasjonssamfunnet. I sakene må tilsynet vege krav til universell utforming på den eine sida, og redaksjonelle omsyn og ytringsfridom på den andre sida. Kontrollane i mediesektoren har bidrege til fleire søknader om dispensasjon.


Sidan tilsyna i hovudsak blir gjennomført med manuelle metodar, fører vi framleis få tilsyn. I 2020 starta vi eit prosjekt med mål om å digitalisere tilsynet. Det er godt i gang og vert vidareført minimum ut 2022. Formålet er å legge til rette for auka effektivitet og auke i talet på kontrollar. Slik kan vi følgje opp EU-krava til nasjonale

myndigheitsorgan når dei kjem. Vi prioriterer å gradvis ta i bruk digitale metodar.


Informasjon og rettleiing

I 2020 lanserte vi nye nettsider med oppdatert innhald, nytt design og ny logo. Besøktala for uutilsynet.no auka med 25 prosent frå 2019. Vi når breitt ut, 83 prosent av brukarane av tilsynet sine nettsider, var nye brukarar.

Tal på brukarar av uutilsynet.no per måned



Tal på brukarar av tilsynet sitt e-læringskurs



Også bruken av tilsynet sine e-læringskursmodular aukar. Målet for 2020 var å nå ut til 1000 brukarar. Resultatet viser at 1364 personar gjennomførte kurset, ein auke på 47 prosent frå 2019. Vi får framleis mange spørsmål frå verksemdar og publikum, og svarar på 83 prosent innan to veker (mot 78 prosent i fjor).

Informasjonsbehovet er stort og det er stor etterspurnad etter kurs og foredrag. Vi har hatt 16 digitale foredrag i 2020, mot 8 året før. No når webdirektivet skal innførast, aukar merksemda om universell utforming. Nedstenginga knytt til covid-19 gir langt fleire digitale konferansar, og vi har halde mange digitale foredrag i 2020 både nasjonalt og internasjonalt.

2021 er året då dei norske reglane startar å gjelde for alle ikt-løysingar, ikkje berre nye.

Medieinteresse aukar, særleg for tilsyn med store samfunnsaktørar som Skatteetaten og NAV. I 2020 har medieoppdrag på området auka i omfang, og saker om tilsyn med universell utforming har vore dekket av

store aktører som VG, NRK, Computerworld, Dagsavisen og Klassekampen. Manglande samsvar med krava til universell utforming i Folkehelseinstituttet sin smittesporings-app førte til debatt på Dagsnytt 18 der tilsynet deltok saman med FHI og Blindeforbundet. Saka understreka kor viktig det er at ein sikrar at kritiske tenester når ut til alle.


Vi samarbeider godt med andre etatar innan området for å fremme digital inkludering, herunder Diskrimineringsnemnda, Likestillings- og diskrimineringsombudet og Bufdir.

Nasjonalt og internasjonalt fagorgan for uu av ikt

Områdeovervaking

I juni lanserte vi rapporten *Erfaringer med ikt-løsninger blant personer med nedsatt funksjonsevne* saman med digitaliseringsminister Linda Hofstad Helleland. Lanseringa vart dekkja av m.a. NRK. Kartlegginga som Proba samfunnsanalyse utførte på vegne av tilsynet, viste at heile 70 prosent av deltakarane opplever at nedsett funksjonsevne set grenser for bruk av ikt-løsningar i privatlivet, under utdanning, i arbeidslivet og ved bruk av offentlege tenester.

I kva grad sett funksjonsnedsettinga grenser for bruk av ikt?



— I stor eller noko grad
— Ingen problem

Det tar lang tid, og er veldig anstrengende. Jeg blir for eksempel hengende etter dersom vi skal lese en tekst vi skal diskutere i gruppe. Alternativet er at jeg får noen til å lese for meg.

Sitat student i kartlegginga.

Vi legg stor vekt på slike brukarerfaringar. Blant anna førte

kartlegginga til at vi i 2020 førte tilsyn med både NAV og Skatteetaten.

Tilsynet har eit breitt kunnskapsgrunnlag. I 2020 starta vi eit prosjekt for å formidle kunnskapen på statistikk- og analysesidene som er under oppbygging på uutilsynet.no. Her skal vi formidle analysar og data for å auke kunnskapen om føresetnader for bruk av digitale løysingar, status for universell utforming og verksemdene si etterleving av regelverket. Vi vil ferdigstille prosjektet i første halvår av 2021. Prosjektet er også knytt til digitalisering av tilsynsfunksjonen og skal legge til rette for fortløpande publisering av data frå tilsyn og områdeovervaking.

Regelverk og standardisering

Regelverket for universell utforming av ikt bygger på internasjonale standardar og er derfor tett kopla til utviklinga på europeisk og internasjonalt nivå. Bistand til KMD i samband med innføring av dei to EU-direktiva, The Web Accessibility Directive (WAD) og The European Accessibility Act (EAA), har hatt høg prioritet i 2020.

Tilsynet har på oppdrag frå KMD gjennomført ein juridisk og samfunnsøkonomisk analyse av

webdirektivets (WAD) krav om synstolking. Bakgrunnen for oppdraget var at KMD ønskte ei ny vurdering, etter at konsekvensutgreiinga dei anskaffa i marknaden, vurderte krav om synstolking til å ha ein samfunnskostnad på 5 743 mnok. Utgreiinga indikerte at innføring av WAD på langt nær var samfunnsøkonomisk lønnsamt. Tilsynet gjorde ei omfattande datainnsamling blant verksemdar i offentlig sektor, supplert med kvalitative intervju med marknadsaktører og fagekspertar, og konkluderte med ein samfunnskostnad på 604 mnok. KMD har lagt konsekvensutgreiinga til grunn for vurdering av kompensasjon frå kommunesektoren, og for vidare politisk behandling av WAD. Rapporten har hatt tydeleg effekt og vi har fått svært gode tilbakemeldingar på arbeidet.

Tilsynet har også bidrege med kvalitetssikring av KMD sitt arbeid med stortingsproposisjonen for innføringa av webdirektivet og i juridisk- og samfunnsøkonomisk konsekvensutredning av EUs tilgjengelegheitsdirektiv (EAA) i Norge. Tilsynet har her kome med innspel til høyringa som skal gjennomførast i 2021. Direktivet skal implementerast i norsk rett innan juni 2022.

Ny myndighetsoppgåve med webdirektivet

Tilsynet gjer også si eiga førebuing av myndighetsoppgåva knytt til innføring av EU-direktivet WAD. Som deltakar i EU-prosjektet WAI Tools, ein del av EU sitt program Horizon 2020, har vi gjennomført ein pilot på forenkla og djuptgåande kontroll etter WAD, og prøvd ut ulike digitale verktøy for test av store volum. Piloten er dokumentert i rapporten og publisert internasjonalt og på tilsynet sine nettsider. I 2020 starta prosjektet for utvikling av eit datadrive digitalt tilsyn, DDT. Prosjektet har finansiering frå KMD, og skal legge til rette for ein heilskapleg arkitektur og dataplattform som famnar både kontrollar etter WAD og tilsyn med grunnlag i det eksisterande norske regelverket. Også utvikling av ei sentral løysing for tilgjengelegheitserklæringar, som verksemdene er pålagde å ha etter innføring av WAD, inngår i prosjektet. Digdir set av store ressursar i utvikling av eit framtidsretta tilsyn.

Internasjonalt samarbeid

Tilsynet representerer Noreg i The Web Accessibility Directive Expert Group (WADEX) leia av EU-kommisjonen, og vi samarbeider aktivt med Sverige, Danmark, Finland og Estland gjennom

Nordisk-Baltisk samarbeidsgruppe for fagleg utveksling om handheving av EU-regelverk. Tilsynsdirektøren er utnemnt til leiar for SAGA for 2018–2021. SAGA er ei strategisk rådgjevningsgruppe som skal arbeide for å inkludere universell utforming i relevant standardiseringsarbeid på europeisk nivå og er etablert av CEN/CENELEC (europeiske standardiseringsorganisasjonar).

Utfordringar

Liten organisasjon med manuelle metodar

For tilsynet har det lenge vore eit mål å effektivisere og oppskalere tilsynsverksemda. Tilsynet er ei relativt liten avdeling som i liten grad har hatt moglegheit for å investere i digitale verktøy. No er løyving til dette på plass for perioden 2021 til 2023. Vi vil i 2021 føre fleire tilsyn enn i 2020, men kapasiteten til å føre tilsyn vil fortsett vere prega av at vi har manuelle metodar, og at vi skal drive eit utviklingsløp med sikte på å digitalisere og å bygge ein datadriven organisasjon. Det set strenge krav til prioritering, og vil få konsekvensar for omfanget av kontroll i 2021.

Stort behov for universell utforming, særleg i utdanningssektoren

Covid-19 har vist kor stort behovet er for universelt utforma ikt-løysingar. Proba-rapporten vi lanserte i 2020 viser at allereie før covid-19 kom, var det utfordringar med digitale løysingar for personar med nedsett funksjonsevne. Tilsynet ser eit stort behov for både kontroll og rettleiing for å auke etterlevinga. Det vil vere særleg viktig at tilsynet lukkast med å fremje universell utforming i skule- og utdanningssektoren.

Innføring av EU-direktiva WAD og EAA krev kapasitet

EU no har vedteke regelverk for både offentleg og privat sektor. Dette er regelverk som vil styrke krava til universell utforming av ikt internasjonalt og nasjonalt og som vil sørge for meir einskaplege krav i Europa. Dette er særleg viktig innan området for ikt, sidan mange leverandørar i marknaden er internasjonale.

For å oppnå digital inkludering er det viktig at regelverket er relevant og oppdatert. Det er derfor viktig at direktiva vert innført på ein slik måte at regelverk er per i dag blir harmonisert

og oppdatert. Her er det viktig at tilsynet bidreg inn med sin fagkompetanse og erfaring frå området.

Lite kunnskap og behov for endra haldningar

Vi vurderer framleis låg kjennskap til regelverk og standardar som ein risiko for manglande etterleving. Forskrifta har eit stort verkeområde. Det er tid- og ressurskrevjande å nå ut til ulike målgrupper i meir enn 80 000 verksemdar i både offentleg og privat sektor.

Frå 2021 skil ikkje regelverket lenger mellom nye og eksisterande løysingar. Frå i år skal også alle nettsider og appar uansett alder følgje krava om universell utforming, og dermed aukar talet pliktsubjekt. I tillegg er nye krav på veg inn i Noreg med webdirektivet.

Noreg fekk i 2019 kritikk frå FNs CRPD-komité for å ikkje ta vare på funksjonshemma sine rettar i tilstrekkeleg grad. FN har tilrådd haldningskampanjar og konkrete tiltak på fleire samfunnsområde. Kjennskap og kunnskap om regelverket er viktig for å auke digital inkludering.

Prioriteringar og tiltak

Fremme etterleving med tilsyn i utdanningssektoren

Covid-19-pandemien i 2020 har saman med funna i Proba-rapporten og tilbakemeldingar frå brukarorganisasjonane, danna bakgrunn for at tilsynet har valt å innrette verkemiddela mot utdanningssektoren i 2021. Fordi tilsynet foreløpig har avgrensa kapasitet til store volum, er det viktig at tiltaka blir innretta på ein slik måte at det gir størst mogleg effekt. Derfor vil vi kombinere kontroll av nettsider, plattformer, appar og andre digitale løysingar i utdanningssektoren med målretta rettleiing mot utdanningsinstitusjonar, forelesarar, lærarar og andre som jobbar med digitale løysingar i sektoren.

Høg prioritet på informasjon og rettleiing

Informasjonsbehovet er fortsatt stort. Dei nye nettsidene, uutilsynet.no, med oppdatert innhald, design og logo, kom på plass i 2020. Både nettsida og e-læringskurset har auka trafikken mykje.

Frå 2021 gjeld krav til universell utforming også løysingar som er eldre enn 2014, og ikkje berre nye løysingar.

For å auke kjennskap til regelverket og kunnskap om krava vil tilsynet prioritere informasjon og rettleiing høgt. Grunna situasjonen med covid-19, legg vi enda større vekt på e-læring, nanolæring og webinar for å nå ut.

Førebu handheving av nytt regelverk

Bistand til KMD i samband med innføring av dei to EU-direktiva, The Web Accessibility Directive (WAD) og The European Accessibility Act (EAA), har stått høgt på agendaen. Tilsynet si juridiske og samfunnsøkonomiske utgreiing av krav om synstolkning, har vore eit viktig bidrag til den politiske behandlinga av WAD.

I 2021 held vi fram med førebuing av handheving og oppfølging av Web Accessibility Directive (WAD). Tilsynet bidreg også saman med NKOM til omsetting av standarden EN 301 549 som direktivet viser til.

Vi vil også fortsetje med deltaking i internasjonale grupper og samarbeid for å hauste viktig kunnskap og erfaring frå andre land. I tillegg vil tilsynet prioritere arbeid med tilgjengelegheitsdirektivet (EAA) og standardiseringsarbeid med vekt på sjølvbetjeningsautomatar.

Leiarverv i SAGA, samarbeid i EU-regi og deltaking i Nordisk-Baltisk arbeidsgruppe vil også ha prioritet.

Større effekt av eit datadrive, digitalisert tilsyn

Tilsyn er i 2021-2023 tildelt midlar for å drive eit datadrive digitalisert tilsyn. Dette er ei heilt nødvendig investering i digitale verktøy for at tilsynet skal kunne auke volum, få større gjennomslagskraft i kontrollverksemda og å vere i stand til å kontrollere webdirektivet når det blir innført.

I 2020 kom tilsynet godt i gang med digitalisering av tilsynet – eit arbeid som vert vidareført i 2021-2023.

Tilsynet har i 2020 starta utviklinga av ei felles løysing for tilgjengelegheits-erklæring. Vi skal ferdigstille og rulle ut løysinga i 2021. Dette er tunge utviklingsløp som vil krevje betydeleg innsats frå nøkkelressursar, og det vil gi oss avgrensa kapasitet på andre område.

Tilsynet har over langt tid bygd kunnskap og samla data, men har ikkje hatt på plass ei løysing for å formidle kunnskapen systematisert og jamleg. For å legge til rette for utvikling av tilsynet i ein meir datadriven digitalisert

retning, vil vi i 2021 prioritere å få på plass statistikksider til løpande publisering av data, statistikk og analysar.

Universell utforming er smart digitalisering

Digitalisering skal gjøre hverdagen enklere for alle. Men hvem er «alle», hvordan vet vi hva «alle» trenger, og når vet vi at vi har gjort nok? Digitale tjenester som ikke fungerer for menneskene de er ment for, kan skape skiller i samfunnet. Derfor har vi tilsyn for universell utforming.

Les mer om universell utforming på uutilsynet.no.

Nettsider, apper, automater ... Fra vi våkner til vi legger oss. Digitaliseringen har tatt tak i alle deler av livet vårt, og det betyr mye for oss at vi kan ta i bruk digitale løsninger uten nevneverdige problemer. Dette så vi tydelig i 2020, da koronaen kom og Norge nærmest ble heldigitalt over natten. Mange fikk erfare at de ikke når ut til alle om videoen deres ikke er teksten, eller om lydfilen de legger ut ikke har et tekstalternativ.

Universell utforming av digitale tjenester er viktig for hele befolkningen – ganske enkelt fordi de aller fleste av oss kommer opp i situasjoner hvor funksjonsevnen vår svekkes på ett eller annet område. Skriften du kunne lese godt som 20-åring kan for eksempel bli umulig å lese når du er 60, selv om du ikke definerer deg selv som synshemmet.

Norge var tidlig ute

I Norge så vi tidlig hvor viktig det er å forstå at «alle» ikke er én ensartet gruppe, men enkeltindivider med ulike forutsetninger for å ta de nye, digitale løsningene i bruk. Norge var først ute med å utvikle metoder for å kontrollere hvordan offentlige og private virksomheter etterkommer kravene til universell utforming på nettsteder, apper og i selvbetjeningsautomater. Ansvaret ble lagt til Tilsynet for universell utforming av IKT, som ble opprettet i 2013. Den gang som en del av Difi, men fra 2019 som en del av Digdir.

Gjennom forskrift om universell utforming av IKT er tilsynet pålagt å kontrollere at nettsider, apper og selvbetjeningsautomater i offentlig og privat sektor er i samsvar med det norske regelverket.

EUs webdirektiv ble vedtatt i 2016 og setter ytterligere krav til universell utforming. I arbeidet med direktivet har tilsynet bidratt med Norges erfaring og representert Norge i flere internasjonale fora. Tilsynsdirektøren er for eksempel utnevnt som leder for SAGA i perioden 2018–2021. SAGA er en strategisk rådgivingsgruppe som skal arbeide for å inkludere universell utforming i relevant standardiseringsarbeid på europeisk nivå.

Utvikler mer effektive metoder

Dagens kontrollmetoder er i hovedsak manuelle, men i 2020 startet et prosjekt med mål om å utvikle et datadrevet digitalt tilsyn. I 2020 startet også utviklingen av en felles løsning for tilgjengelighetserklæringen. Denne løsningen skal ferdigstilles og ruller ut i 2021.

Digitalisering og forenkling av kontrollvirksomheten vil bety at tilsynet kan konsentrere seg mer om sin andre, viktige hovedoppgave: Informasjon og kompetanseheving. Det viser seg ofte at det er manglende kompetanse og ikke viljen det står på, når hensynet til viktige brukergrupper glipper under utviklingen av nye løsninger.

Vi når og hjelper fleire for mindre

Kommunikasjon er eit viktig verkemiddel for å spreie kunnskap om nye digitale løysingar og auke kompetansen i offentlig sektor. Digdir legg vekt på å utvikle effektive og brukarorienterte tenester for hjelpe flest mogleg brukarar med minst mogleg bruk av ressursar. Arbeidet i 2020 var prega av at vi skulle utvikle eit nytt direktorat og samstundes takle utfordringane som koronaåret førte med seg. Vi måtte løyse ein rekke arrangement digitalt, og brukte ekstra ressursar til i prosjekt, til beredskap og til mediehandtering.

MÅL


- 1 Vi tilbyr effektive og brukarorienterte digitale tenester som hjelper fleire for mindre
- 2 Vi når fleire for mindre gjennom arrangement brukarane har nytte av og er nøgde med
- 3 Vi bruker kommunikasjon til å utvikle og profilere Digdir
- 4 Vi styrker klart språk

RESULTATER

- Vi lanserte digdir.no og nye nettsider for Tilsynet for universell utforming og Samarbeidsportalen
- Dei fleste brukarane finn det dei leiter etter, og forstår det dei finn.
- Vi brukte ein utfordrande situasjon til å finne nye løysingar og styrke det digitale kompetansetilbodet
- Deltakarane opplevde arrangementa som nyttige og gode
- Vi nådde fleire lesarar
- Talet på saker med positiv vinkling auka
- Vi etablerte eit samarbeid med Språkrådet og KS
- Vi planla konkurranse saman med satsinga StartOFF



Høg medieskår på tre av fire roller



2019 ● Tilsyn ● Iverksetter ● Premissgivar ● Leverandør ● Leverandør ekskl. ID-porten
2020 ○ Tilsyn ○ Iverksetter ○ Premissgivar ○ Leverandør ○ Leverandør ekskl. ID-porten

Stor auke i bruk av Digdir sine nettenester frå 2019 til 2020

105 %

auke på ID-porten
hjelpesider:

Frå 1,5 millionar til
3 millionar økter

20 %

auke på uutilsynet.no:

Frå 70 066 til
98 582 økter

4 %

auke på altinn.no:

Frå 63,1 millionar til
65,8 millionar økter

Kommunikasjon

Vi vurderer måloppnåinga på kommunikasjon i oppstartsåret 2020 som god. Vi lanserte ein ny, felles visuell identitet og profil og ein ny, felles nettstad, digdir.no. Innsatsen til Digdir med å skape løysingar i eit krevande koronaår fekk merksemd og viste verdien av eit felles, digitalt økosystem. Vi brukte det utfordrande året til å innovere og digitalisere arrangementa våre. Målet for 2021 er å gjere det enda lettare for brukarane våre å finne det dei treng, forstå det dei finn og få gjort det dei skal på Digdir sine fagområde.

Her rapporterer vi samla om Digdir sitt tilbud på nett, arrangement og profilering. I tillegg rapporterer vi på Digdir sitt arbeid med klart språk. For 2020 hadde ikkje eittåringen Digdir samanliknbare tal frå tidlegare år på alle område, men vi samanliknar med tidlegare år når det gir meining, sjølv om tala ikkje er direkte samanliknbare.

Mål

Digdir hadde fire hovudmål for fagområdet kommunikasjon i 2020:

1. Vi tilbyr effektive og brukarorienterte digitale tenester som hjelper fleire for mindre
2. Vi når fleire for mindre gjennom arrangement brukarane har nytte av

og er nøgde med

3. Vi bruker kommunikasjon til å utvikle og profilere Digdir
4. Vi styrker klart språk

Resultat

Oppsummert vurderer vi den samla måloppnåinga som god for 2020. Vi skulle utvikle eitt Digdir, som forutan ekstra krav til god internkommunikasjon innebar at vi måtte utvikle ein ny visuell identitet og profil og ein ny nettstad for å bygge eitt direktorat, samstundes som vi overføre fleire nettstader til DFØ og avvikla difi.no. Vi måtte, på svært kort tid, finne digitale løysingar for arrangement for å oppretthalde aktiviteten. Koronaåret 2020 endra også

prioriteringane til Digdir. Nye leveransar med høg merksemd kravde ekstra ressursar til kommunikasjon i prosjekt, til kommunikasjonsberedskap og til profilering.

Mål 1: Vi tilbyr effektive og brukarorienterte digitale tenester som hjelper fleire for mindre

1. januar 2020 lanserte vi digdir.no, som er den nye, felles nettstaden for heile Digdir. Arbeidet har vore ein del av arbeidet med å utvikle eit utovervend, velfungerande og effektivt nytt direktorat. Gjennom heile 2020 har vi vidareutvikla nettstaden med oppdatert innhald, nye fagsider og ein ny struktur og overbygning som skal gjere det enklare for brukarane å finne det dei

treng, forstå det dei finn og få gjort det dei skal. Vi lanserte også nye nettsider for Tilsynet for universell utforming og Samarbeidsportalen. Gjennom heile 2020 jobba Digdir for å overlevere nettstader og -innhald for dei tre fagavdelingane som blei ein del av DFØ i 2020. Samstundes avvikla vi gammalt innhald på difi-domenet, som vi kunne skru av før årsskiftet i tråd med planen. Det har vore ressurskrevande og krevd kapasitet frå andre utviklingsoppgåver. Vi har utvikla ei kostnadseffektiv nettförvaltning med ei felles plattform, lite skreddarsaum og styrt utvikling av ny funksjonalitet med krav til gjenbruk. Digdir har også ansvaret for altinn.no og Altinn digital, som er på ei annan teknisk plattform enn dei andre nettstadene.

Digdir.no hadde om lag om lag 135 000 brukarar i 2020. For eit nytt direktorat har det liten verdi å samanlikne med tala frå i fjor, men ser vi på Norge.no, Samarbeidsportalen og UU-tilsynet sine sider, er veksten god. Hjelpesidene til ID-porten opplevde ein eksplosiv auke i bruk i fjor, truleg fordi fleire innbyggjarar trengde hjelp til å finne fram eller logge seg på tenester frå statlege og kommunale verksemdar i samband med koronapandemien. Dei resterande nettsidene er retta mot tilsette i forvaltninga og privat næringsliv. Kjernebrukarane treng rettleiing, tenester og rådgjeving på Digdir sine fagområde. I snitt blar brukarane seg gjennom to enkeltsider når dei er inne på nettstaden. Tilbakemeldinga er at dei

i hovudsak finn det de leitar etter, og at dei forstår det dei finn. Altinn opplevde god vekst i 2020, med en auke på over 4 prosent i antal økter, og nesten 6,5 prosent i antal brukarar, til trass i at skattemeldinga no først og fremst ligg på Skattetatens nettsider.

Tabellen under viser antal økter på Digdir sine nettstader. Der vi ikkje har oppgitt tal, skuldast det at tenesta ikkje eksisterte på det aktuelle tidspunktet. Med økt meiner vi ein serie av sidevisningar eller interaksjonar gjennomført av same brukar på nettstaden i ein avgrensa periode på inntil 30 minutt.

Mål 2: Vi når fleire for mindre gjennom arrangement brukarane har nytte av og er nøgde med

Digdir sin ambisjon for 2020 var å styrke det digitale kompetansetilbudet, og vi vurderer måloppnåinga som god. Vi klarte å gjennomføre arrangementa på nye, digitale måtar, slik at vi heldt oppe aktivitetsnivået i eit krevjande år. Digdir utvikla kompetansen, innoverte og auka kapasiteten på digitale arrangement i 2020.

Alle planlagte fysiske arrangement etter 11. mars 2020 sto i fare for å bli avlyst. Vi brukte utfordringa til å fornye oss og er nøgde med at vi klarte å replanlegge og gjennomføre dei fleste arrangementa

digitalt – og halde oppe aktivitetsnivået. Eventleverandøren vår, som mista alle oppdrag over natta, fekk nye oppdrag og bidrog sterkt til at Digdir fann løysingar raskt.

Totalt deltok 9 600 på 75 Digdir-arrangement i 2020. Av desse deltok 951 fysisk på møte, seminar og éin konferanse i perioden fram til mars 2020. Dei resterande 8 649 deltakerne er fordelt på 58 digitale arrangement, derav tre digitale konferansar med til saman 3 961 deltakarar. Opninga av Nasjonalt ressurscenter for deling av data var eit lite, fysisk arrangement, men som heile 429 deltakarar følgde digitalt. Deltakarane er jamt over nøgde. På ein skala frå 1-6, der 6 er svært

Nettstad	2017	% endring 17–18	2018	% endring 18–19	2019	% endring 19–20	2020
Idporten hjelpesider	1 603 177	13 %	1 812 632	-18 %	1 495 876	105 %	3 058 513
Norge.no	1 415 793	22 %	1 733 104	-8 %	1 603 087	9 %	1 749 876
Digdir.no							358 779
Altinn.no	37 476 652	54 %	57 535 548	10 %	63 190 989	4 %	65 836 829
Altinn digital			857	468 %	4 864	-30 %	3 412
prosjektveiviseren.no	91 942	11 %	102 084	8 %	110 568	12 %	123 550
Samarbeidsportalen	33 991	18 %	39 998	77 %	70 666	63 %	115 000
Tilsynet for universell utforming av ikt	66 557	9 %	72 799	13 %	81 976	20 %	98 583
difi.no	596 442	17 %	696 754	17 %	815 031	-46,68 %	434 563

nøgd, skårer arrangementa 4,83 for fagleg nytte og 4,78 for arrangementet som heilheit. Talet på arrangement gjekk noko ned då avdeling for offentlege anskaffingar, som hadde mange arrangement, vart overført til DFØ i september.

Vi kunne ikkje gjennomføre Digitaliseringkonferansen som planlagt i juni. Vi erstatta den med ein heildigital konferanse i august med tittelen "Krisa som sette fart på digitaliseringa". Vi er nøgde med at vi klarte å dele erfaringar og markere Digdir i ein tidleg fase av pandemien. Rekordmange 1 831 deltakere følgde konferansen digitalt, mot 1 267 i 2019. Trass i utfordringar med den digitale plattformen, som spesielt ramma utstillarane, fekk vi verdfulle erfaringar og ny kompetanse raskt. Deltakarane var mindre nøgde enn tidlegare år. Ein del meinte at programmet og innhaldet var for overordna, og det trakk ned at fleire opplevde utfordringar med sendinga. Det vil vi bøte på i 2021.

Dei digitale løysingane gjer at vi kan gjenbruke og spreie innhald meir. Strømmetenestene bidreg vesentleg mykje til meir- og etterbruk av arrangementa våre. I 2020 hadde Digdir 59 000 visningar og 26 000 unike brukarar på Vimeo.

I 2019 tok vi i bruk eit nytt system for kursadministrasjon og påmelding saman med DFØ. Det gjer det enklare å samordne og marknadsføre vårt samla kompetansetilbod. I 2020 har vi forbedra kurssystemet ytterlegare, og vi er godt rusta for framtida og vidare samarbeid med DFØ.

Mål 3: Vi bruker kommunikasjon til å utvikle og profilere Digdir

En medieanalyse der kun dei noverande fagområda til Digdir er med, viser at medieomtalen av Digdir gjekk ned noko frå 2019 til 2020. Samstundes auka talet på potensielle lesarar frå 35 til 44,4 millionar, fordi meir av omtalen var i større kjelder enn i 2019. Talet på saker med positiv vinkling auka frå 40 prosent i 2019 til 48 prosent i 2020, mens den negative omtalen gjekk frå 13 til 10 prosent. Talet på artiklar der Digdir var i hovudfokus auka frå 26 prosent i 2019 til 30 prosent i 2020, medan saker der Digdir kun var omtala gjekk ned frå 47 til 42 prosent.

Talet på saker der Digdir står fram som premissgivar på digitalisering auka kraftig frå 2016 til 2019, men gjekk noko ned i 2020. Hovudbiletet er likevel at rolla som premissgivar har styrka seg vesentleg dei siste åra. Også saker der vi står fram som iverksettar på

digitalisering har auka. Tilsynsrolla får minst mersemd samla sett, men får god medieskår. Leverandørrolla var mest omtala og hadde størst rekkevidde både i 2019 og 2020. Det er også rolla som leverandør som påvirkar totalinntrykket av Digdir mest i media. Generelt genererte fellesløysingane, inkludert Altinn, mykje positiv merksemd i 2020, men nokre få hendingar i ID-porten fekk stor spreiding og drog ned medieskåren vesentleg. Digdir fekk ein medieskår på 43,3 i 2020, mot 51,2 i 2019. Ein medieskår på 0 er dårlegast, 50 er et nøytralt resultat, og 100 er best. Dei tre rollene premissgivar, iverksettar og tilsyn får ein klart positiv skår begge åra på mellom 80,3 og 71,3. Omtalen av rolla som leverandør av fellesløysingar fekk ein skår på 27 i 2020, mot 40,6 i 2019. Om vi ser vekk frå nokre få hendingar i ID-porten, ville skåren på leverandørrolla vore 70,8 i 2020. For heile Digdir ville medieskåren vore 75,4.

I sitt første leveår fekk Digdir nye kontoar i dei fleste sosiale medium og nye nyheitsbrev. Vi fekk 926 følgjarar på Facebook, 7 803 følgjarar på LinkedIn, 1 281 følgjarar på Twitter og 497 følgjarar på Instagram. Til samanlikning hadde Difi 2 736 følgjarar på Facebook, 10 395 på LinkedIn og 3 313 på Twitter ved utgangen av 2019. I 2020 sende vi

også ut 16 nyheitsbrev til 5 319 mottakarar og publiserte 4 podkastar som er høyrte på til saman 1 799 gonger. I april 2020 lanserte vi Digitaliseringsbloggen for å profilere våre fagområde ytterlegare, og vi publiserte 31 tekstlege blogginnlegg, videobloggar og podkastar frå både interne og eksterne bloggforfattarar. I snitt leste 415 personar kvart innlegg.

Mål 4: Vi styrker klart språk

I 2020 har Digdir prioritert å etablere eit godt og prestisjelaust samarbeid med Språkrådet og KS. Digdir deltek no mellom anna i KS sitt styringsråd for klart språk. Eit viktig tema har vore å tydeleggjere rollene til dei tre verksemdene. I 2020 var det eit mål å bygge opp klarspråkinnsatsen igjen og kople den tettare til kjerneverksemda vår på digitalisering og innovasjon. Vi har rekruttert ein ny, erfaren fagressurs som vil ha ansvaret for klart språk framover.

For første gong deltok klart språk med ein eigen digital stand på Digitaliseringskonferansen. Hovudmålet var å vise den viktige rolla klart språk fekk under koronakrisa, mellom anna gjennom nyheitssaka "I krisetid er klart språk livsviktig". I tillegg deltok ca. 30 offentlege verksemdar og private

leverandører på eit digitalt dialogmøte for å gje innspel til korleis vi kan stimulere leverandørmarkedet til å skape ein enklare digital kvardag med klart språk.

Initiativet resulterte i dialog med den nye satsinga StartOff, som såg potensial i konkurransen. Mot slutten av 2020 starta vi planlegginga av ein klarspråk-konkurranse, som utgjør Digdir sin første, eigeninitierte konkurranse i StartOff. Arbeidet er godt i gang, og utlysinga av konkurransen er planlagt rundt påske 2021.

Utfordringar

Etter fleire års innsats har Digdir ei solid, felles teknisk plattform (Drupal) for nettstadene som tidlegare tilhørde Difi, medan altinn.no og Altinn digital brukar ein annan (Episerver). Det er framleis, naturleg nok, overlappende funksjonalitet i nettløysingane etter samanslåinga. Det kan vere lite kostnadseffektivt på sikt.

I 2020 gjorde koronasituasjonen fysiske arrangement nær umogleg. 2020 ga oss verdfull praktisk erfaring som vil hjelpe oss framover, men det er enno mykje å lære for sikre same brukarnytte og -tilfredsheit i digitale som i fysiske arrangement. Prisinga av

Digitaliseringskonferansen har vore ei ny utfordring, og vi må utvikle nye konsept for utstillarar for å gjere profilkonferansen vår like relevant som før. Etterbruk av opptak og meir bruk av video i kommunikasjonen inneber at vi må styrke kompetansen og kapasiteten på teksting og transkribering for å levere godt og kostnadseffektivt.

Digdir har mange satsingar, som Ressurssenteret for deling av data, Datafabrikken, utbreiing av Altinn 3.0 og satsinga på samanhengande tenester, vil kreve større kommunikasjonskapasitet samla sett. Ei utfordring er å koordinere kommunikasjonen frå dei ulike satsingane slik brukarar opplever eitt Digdir, ikkje enkeltsatsingar. I tillegg er det utfordrande at enkelthendingar som gjeld fellesløysingane kan gi så store negative utslag på medieskåren og potensielt på omdømmet til Digdir.

Arbeidet med klart språk i forvaltninga kan vise til mange gode resultat sidan starten i 2008. Framover må det faglege samspelet mellom klart språk, universell utforming og tenestedesign bli viktigare og meir konkret for å utvikle meir samanhengande, brukarorienterte og effektive digitale tenester. I dag spør offentlege verksemder sjeldan etter klart språk som ein del av sine digitale og

innovative anskaffingar, medan leverandørmarknaden i liten grad tilbyr tenester og kompetanse på klart språk som ein del av sine prosjektmetodar og leveransar.

Prioriteringar og tiltak

I 2021 skal vi vidareutvikle og samordne nettenestene til Digdir med brukarane i sentrum. På sikt vil vi utvikle ein felles kanalstrategi der vi ser Digdir sine nettenester i samanheng, korleis vi kan løyse behova til brukarane og understøtte Digdir sine fagområde best mogleg. På sikt er det natuleg å vurdere ei felles teknisk plattform og forvaltning for nettløysingane våre.

I 2021 vil Digdir vidareutvikle verktøykassa for digitale og hybride (digitale og fysiske) arrangement, slik at vi kan nå stadig fleire i heile landet for mindre. Ei klart mål for 2021 er å auke deltakarane sin opplevde faglege nytte og tilfredsheit, både for Digitaliseringskonferansen og samla.

Vi vil halde fram arbeidet med å kommunisere og marknadsføre Digdir sitt tilbod på våre fagområde gjennom målretta bruk av nyheitsbrev, våre nettsider og sosiale medium. Vi har som mål å profilere dei fire rollene og satsingane til Digdir sterkare og auke

Digdir sin samla medieskår.

Digdir planlegg eit fagleg arrangement for klarspråkprisane i april 2021 i samarbeid med Språkrådet og KS. Hovudsatsinga på klart språk i 2021 er ein konkurranse i regi av StartOff for å utvikle marknaden generelt og nystarta verksemder spesielt til å finne nye løysingar på utfordringar i offentlig sektor med klart språk som verktøy. Konkurransen er eit første steg mot å auke «volumet» av klarspråk eller brukarspråk i digital tenesteutvikling. Målet er at offentlege verksemder skal etterspørre klart språk i ikt-anskaffingar og at fleire nye og etablerte leverandører skal tilby den kompetansen og dei tenestene på klart språk som offentlig sektor treng.

Redegjørelse for ressursbruk 2020

Ressursbruken i det nye direktoratet gjenspeiler Digdirs rolle som regjeringens fremste verktøy for raskere og mer samordnet digitalisering av samfunnet. Digdir har fått ansvar for flere nye satsinger og oppgaver innenfor våre fagområder. Satsingene har til felles at de løser utfordringer og tilbyr sentrale løsninger til store deler av offentlig sektor, i stedet for at hver enkelt virksomhet eller sektor må lage egne løsninger.

Ressursbruk fordelt på virksomhetsområder

Oversikten under gir et overordnet bilde av ressursbruk for budsjettkapittel 540 for årene 2017, 2018, 2019 tilhørende tidligere Difi og fra 2020 for Digdir. Det tas forbehold om at skillene mellom områdene ikke er absolutte. Digital forvaltning inkluderer kostnader til direktoratets roller som premissgiver for digitalisering, iverksetter av vedtatt politikk på direktoratets fagområder og tilsyn for universell utforming. Tilsvarende er alle kostnader knyttet til rollen for drift og utvikling av nasjonale fellesløsninger, inkludert Altinn og Felles Datakatalog (FDK) fra 2020, samlet. Kostnadene til administrasjon og drift av direktoratet framkommer også.

Digdir ble etablert som et nytt direktorat fra 1.1.2020 ved at fagmiljøer fra Brønnøysundregistrene og tidligere Difi ble samlet i en ny organisasjon. Tidligere Difi ble delt og ansvarsområdene for utredning og analyse, ledelse og offentlige anskaffelser ble overført til DFØ, mens øvrige ansvarsområder med fokus på digitalisering ble lagt til Digdir. Tilsvarende medførte omstillingen at Altinn-organisasjonen og FDK ble skilt ut fra Brønnøysundregistrene og lagt til det nye Digdir. Oppdrag fra departementet om å planlegge omstillingen medførte at ressurser i 2019 ble omdisponert til aktiviteter for å

forberede organisasjonsendringene og forklarer endring i ressursbruk dette året. Endring i ressursbruken i 2020 skyldes i hovedsak at offentlige anskaffelser ble flyttet til DFØ 1.9.2020, omstillingsarbeidet til nytt direktorat og ekstraordinær innsats grunnet Covid-19 pandemien.

I digital forvaltning inngår veiledning innenfor digitaliseringsområdet, informasjonssikkerhet, datadeling og arkitektur. Tallene omfatter også ressursbruk knyttet til veiledning og behandling av søknader om støtte fra medfinansieringsordningen og stimuleringsordningen samt tilsyn for

universell utforming. Reduksjonen fra 2018 til 2019 forklares med at stimuleringsordningen ble flyttet til ny post 26 og ikke lenger inngår i dette virksomhetsområdet. Økningen fra 2019 til 2020 skyldes primært økt satsning på deling av data, blant annet ved etablering av nasjonalt ressurscenter for deling av data.

En stor del av direktoratets ressurser har historisk gått til å dekke kostnader knyttet til forvaltning og utvikling av nasjonale fellesløsninger som vi tilbyr eksterne brukere. I det nye Digdir er Difis tidligere fellesløsninger, Altinn og FDK samlet, med tilhørende økt

